



Vartdal gjenvinning as
Botnastranda industriområde
6900 Florø

Sakshandsamar::
Gøsta Hagenlund

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Vartdal gjenvinning as avd. Florø

Kontrollnummer: 2019.036.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Christine Løvik og Niklas Veiesund

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Gøsta Hagenlund og Hallvard Hageberg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Vartdal gjenvinning as avd. Florø den 17. september 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkar 1 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Nokre vilkår i utsleppsløyvet er ikkje stetta

Merknader:

- Pressing av bilvrak er ikkje omfatta av utsleppsløyvet
- Farleg avfall er lagra i containar som ikkje har dobbel botn

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

14.10.2019

dato

Gøsta Hagenlund

sjefingeniør

Sissel Storebø

seksjonsleiar

Kopi til: Flora kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Vartdal gjenvinning as	
Organisasjonsnr.: 916263791	Eigd av: 955494083

Kontrollert eining

Namn: Vartdal gjenvinning as avd.. Florø	Anleggsnr.: 1401.0099.01 (bilvrak) 1401.0099.04 (EE-avfall) 1401.0099.02 (ordinært avfall)
Kommune: Flora	Fylke: Vestland
Løyve gitt: 17. desember 2007	Sist endra: 28. august 2018

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Sediment og grunnforureining
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikal
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekt under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vartdal gjenvinning as avd. Florø pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Vartdal gjenvinning as avd. Florø innan 1.3.2020 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Gøsta Hagenlund.

4. Varsel om pålegg om granskingar

Fylkesmannen varslar at vi vil påleggje Vartdal gjenvinning as avd. Florø å gjere følgjande granskingar innan 1.3.2020 (*jf. forureiningslova § 51*) :

- Granske om avfall ligg i sjøen utanfor kaiområdet

Under inspeksjonen observerte Fylkesmannen at metallavfall låg lagra heilt på kanten av utskipingskaia. Delar av avfallet hang ut over kanten på kaia, og det vart vurdert som sannsynleg at avfall kan ha falle i sjøen.

Dersom det vert påvist at avfall ligg på sjøbotn utanfor kaiområdet, har verksemda tiltaksplikt etter § 7 2. ledd i forureiningslova. Fylkesmannen vil om nødvendig vurdere å fatte vedtak om opprydding etter § 7 4. ledd i forureiningslova.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 3. september 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må Vartdal gjenvinning as avd. Florø betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Nokre vilkår i utsløpsløyvet er ikkje stetta

Avvik frå:

Utsløpsløyvet datert 18.6.2018, vilkår 2.2, 2.4, 6 og 9

Kommentarar til regelverket:

Verksemda har eit utsløpsløyve, sist oppdatert i 2018. Løyvet er gitt på nærare vilkår, nummerert frå 1 til 12 med underpunkt. Vilkåra er bindande krav til verksemda etter forureiningsregelverket.

Vilkår 2.2 krev at verksemda reduserer forureining så langt som råd. Dersom det er/har vore utsløpp som kan ha noko å seie for miljøet, krev vilkår 9.1 at verksemda må kartleggje eigne utsløpp. Vidare må verksemda gjere tiltak dersom det er utsløpp eller fare for utsløpp i strid med krava i løyvet.

Vilkår 2.4 avsnitt 4 krev at verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli truga av akutt forureining.

Vilkår 6 omtalar substitusjonsplikta verksemda har for å kunne vurdere helse- og miljøeigenskapane til kjemikal. Dei mest skadelege kjemikala skal vurderast bytta ut med mindre skadelege så langt som råd. Vurderinga må gjerast konkret ved den enkelte verksemda.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Lagring av metallavfall har ført til uakseptabel fare for utsløpp til sjø, jf. vilkår 2.2 og 9.1

Verksemda har lagra metallavfall på kai heilt ved sjøkant. Noko av avfallet hang utover kaikant og det var umiddelbar fare for tap til sjø. Det er sannsynleg at avfall har falle på sjøen ved lagring eller under utskipping.

Det er fare for at ulike væsker frå bilvrak vert ført til oljeutskiljar, jf. vilkår 2.2

Tappehol for diverse væsker frå bilvrak vert ikkje plugga. Dei ferdig sanerte bilvraka vert klemt saman med hjullastar. Væske siv/renn/drypp frå tappehola til oljeutskiljar. Oljeutskiljaren er ikkje eigna reinseanlegg og er ikkje bygt for å reinse slike væsker.

Verksemda har ikkje oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt forureining jf. vilkår 2.4, avsnitt 4

Med miljøressurs er det meint verdfull natur, andre brukarinteresser med meir.

Informasjon: Verksemda må skaffe oversikt ved å sjekke offentlege register, spørje styresmakter og eventuelt bruke uavhengig ekspertise. Verksemda kan mellom anna bruke www.naturbase.no som eit grunnlag for å finne informasjon om slike ressursar. I denne oversikta vil det gå fram at det er fleire verdfulle ålegrasenger eit par km lenger aust som både denne og nabo-verksemdar bør vere merksam på og søke å verne om ved ein eventuelle akutt utsléppssituasjon.

Verksemda har ikkje gjennomført konkret substitusjonsvurdering av kjemikal som er i bruk i verksemda, jf. vilkår 6

Det er gjennomført ei overordna vurdering av miljø- og helsefare for kjemikal som vert nytta av konsernet. Verksemda kunne ikkje vise til at den overordna vurderinga er konkret brukt i ei substitusjonsvurdering ved verksemda her.

8. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1. Pressing av bilvrak er ikkje omfatta av utsléppsløyvet

Kommentarar:

I vilkår 3.6 er det ein føresetnad for andre vilkår i dette løyvet at det ikkje vert utført *pressing* av bilvrak på området. Verksemda har ikkje stasjonær eller mobil presse, men har ein aktivitet som fører til meir samanklemming enn om berre topp/glaskupé vert klemt ned. Det er tvil om slik samanklemming må likestillast med pressing eller med nedtrykking av kupe for å lette vidare transport.

Merknad 2. Farleg avfall er lagra i containar som ikkje har dobbel botn

Kommentarar:

Vilkår 3.8 krev at farleg avfall som vert lagra i containar, skal ha dobbelt botn. Kravet er gitt med sikte på ha ein ekstra barriere mot utslepp. Verksemda har ekstra barriere i form av lagring på tett betongdekke, men har ikkje risikovurdert lagringsforhold, sikring mot uhell, eventuell søl/uhell, mengd som kan renne av og høve til å samle opp utslepp, samanlikna med normal/maksimal mengd flytande avfall som vert lagra i containaren.

9. Andre tilhøve

Gjennomgang av løyvetekst i utsleppsløyve datert 28.8.2018

Tilsynet starta med ein gjennomgang av tekst i utsleppsløyve. I tillegg til kontroll av verksemda sin oppfølging av enkelte vilkår, vart også tekst gjennomgått og enkelte feil/unøyaktigheiter vart påvist:

1. Gards- og bruksnummer på tomte skal vere 18/231
2. Vilkår 3.4, 5. avsnitt, siste punktum skal lyde: "Verksemda skal så langt råd sortere EE-avfallet i grupper som lista i § 1-1 a i kap. 1 i avfallsforskrifta"
3. Vilkår 3.4. I første kulepunkt i avsnitt 7 må omtalen av godkjente mottakarar endrast til "Farleg avfall: godkjent behandlingsanlegg for farleg avfall, jf. kap. 11 i avfallsforskrifta"
4. Vilkår 3.5 Teksten "Miljøsanering skal skje på område med fast, tett dekke." skal slettast. Kravet er dekt av avsnitt 2 i vilkår 3.4
5. Vilkår 4.2. Ordet "prosessavløp" skal byttast ut med "avløpsvatn frå oljeutskiljar"
6. Vilkår 5.1 tabell over tillatne støyutslepp.
 - a. Verdien for ekvivalent støy dagtid: Perioden må settast til kl. 07 – 18 driftstid
 - b. Verdiane for natt og sun-/heilag dagar må slettast
7. Vilkår 9.3 skal slettast

Fylkesmannen vurderer å endre desse vilkåra. Desse endringane vil etter vårt syn ikkje medføre skjerpa eller lempeligare krav for verksemda i høve til gjeldande vilkår. Endringane vurderer vi å vere retting av skrivefeil, sletting av dobbeltoppførte krav eller sletting av uklare formuleringar som ikkje elles går fram av vilkår. Heimel for omgjerung er § 35 i forvaltningslova. Vi ber verksemda om eventuelle kommentarar til desse framlegga til endringar.

Endringar som kan ha noko å seie for miljøet, må følgje omgjeringsreglane i § 18 i forureiningslova. Dersom verksemda ser behov for / ønskjer endringar av vilkår i løyvet, ber vi om at det vert sendt inn ein søknad til Fylkesmannen. Behandling av slik søknad er underlagt dei vanlege gebyr-reglane for sakshandsaming, jf. kap. 39 i forureiningsforskrifta.

Avrenningstilhøve ved verksemda

Det meste av anlegget har tett, ugjennomtrengelig betongplate. Det er fleire sluk, og det synest som om alt overflatevatn renn mot sluk og vidare til oljeutskiljar. Utanfor hall er det ein eller to kummar der sluk i hallen drenerer mot. Det var tenkt at kummen/kummane skulle ha ein stengeventil, men det er tvil om denne/desse er etablert.

Det er noko tvil om korleis leidningsnett på tomte er plassert. Etter over ti års drift kan det vere aktuelt å kontrollere om drens-systemet fungerer som føresett, og at alt overflatevatn renn via oljeutskiljaren.

Kummane under betongdekket skal vere høvesvis store og ha god kapasitet til oppsamling av sand/metallpartiklar. Sand vert tømmt, men innhald av forureining er lite kjent og vert ikkje følgd opp jamleg eller systematisk. Etter at vatnet har passert oljeutskiljar vert det teke utvida prøve av m.a. metall. Analyseresultata viser etter verksemda si vurdering låge konsentrasjonar. Innhald kan variere med type avfall, mengd og lagringstid. Ei systematisk oppfølging av og kontroll med sandfanga vil vere med å stette dei generelle krava i vilkår 2 i

løyvet. Fylkesmannen vurderer generelt å setje meir likelydande krav til oppfølging av overflatevatn for alle avfallsverksemdar som har lagring av avfall ute.

Finansiell sikring

Fylkesmannen og verksemda har avklart at den stilte økonomiske sikringa likevel ikkje skal gjelde for verksemda sine noverande aktivitetar. Det skal generelt ikkje stillast garanti for farleg avfall som oppstår ved handtering av bilvrak. For tida har også batteriavfall positiv verdi og lagring vil difor ikkje bidra negativt i verksemda sin rekneskap.

Oljeutskiljar

Oljeutskiljar synest å vere dimensjonert for mottak og opphald av overflatevatn frå heile betongflata. Etter ei tid bør dimensjoneringa vurderast mot eventuelle nye nedbørnormalar.

Verksemda tar jamleg prøver av olje (standard metode), og også SS og vanlege tungmetall. Jamleg prøvetaking av metall/SS er ikkje regulert direkte i løyvet, men vil vere del av verksemda sine krav etter internkontrollforskrifta.

Oljeutskiljaren er av "type I" med koalesensfilter. Analyseresultata viser nivå langt under krav i løyvet, men m.a. siste prøve viste verdi over gjennomsnittsnivå som er venta for denne type oljeutskiljar. Vi ber verksemda vurdere om det er tilstrekkeleg kontroll og drift av utskiljaren og koalesensfilteret.

Framande skadelege artar

Verksemda har betongdekkje på det meste av arealet og ligg elles avgrensa av veg, gjerde eller sjø. Framande skadelege artar kan etablere seg på areal med lausmasse. Problemstillinga vart diskutert, men var ikkje en del av tilsynet. Verksemda må vere klar over problemstillinga og aktivt hindre etablering eller spreiding dersom aktuelt.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Utskrift frå avfallsdeklarering.no
- Årsrapport til Fylkesmannen for 2018
- Kartutsnitt med oversikt gards- og bruksnummer
- Analyseresultat for oljeutskiljar

- Dokumentasjon på storleik og type oljeutskiljar
- Overordna vurdering av kjemikal i bruk ved verksemda

11. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)